

**STUDIEÅRET 2022/2023**

**SKRIFTLIG INDIVIDUELL HJEMMEEKSAMEN**

**I**

**IDRETTENS LEDERSKAP (SPM 102)**

Utlevering av oppgave: mandag 21. november 2022 kl. 12.00 i WISEflow

Innlevering av oppgave: mandag 12. desember 2022 kl. 14.00 i WISEflow

**Om eksamen:**

- Varighet tre uker.
- Alle hjelpemidler tillatt.
- Omfang: 4500 ord.
  - Hver av de tre oppgavene skal være på 1500 ord. Det godtas pluss/minus 10 prosent.
  - Referanselisten kommer i tillegg. Det skal være en felles referanseliste etter alle tre oppgaver. Format APA, 7. utgave.
- Gradert karakter, A-F.
- De tre oppgavene vektes likt.
- Hvis én av de tre oppgavene ikke leveres, vurderes eksamen til ikke bestått
- Besvarelsen vil bli kjørt gjennom plagiatkontrollprogrammet Urkund.
- Vi minner om at alle sider i de seks modulene i Canvas er å anse som anbefalte, relevante læringsressurser. Det er en anbefaling å bruke Canvas som supplement og ikke hovedvekten av kilder.

## **DEL 1 – VELFUNGERENDE STYRE OG ADMINISTRASJON**

Du er fersk styreleder i en fotballklubb med 1000 medlemmer. Idrettslaget har tre fast ansatte. Administrerende daglig leder har jobbet i idrettslaget i ni år.

- a) I alle organisasjonsledd er det avgjørende med et velfungerende styre. Med bakgrunn i kjernelitteratur og anbefalte læringsressurser (først og fremst modulene i Canvas) skal du drøfte følgende: Hvordan kan du *som øverste valgte* leder i idrettslaget bidra til at alle styremedlemmer føler at de er del av et styre som fungerer optimalt?
- b) Som styreleder opplever du at samarbeidet med daglig leder ikke fungerer helt bra. Det handler bl. a om at du synes det er vanskelig å få gjennomslag for forandringer og du mener det er et potensial for å få bedre samvirking mellom klubbens ulike virksomhetsområder. Med bakgrunn i kjernelitteratur og de digitale læringsressursene; hva vil du foreslå at idrettslaget foretar seg?

Besvarelsen skal være på 1500 ord. Del a skal utgjøre omtrent 2/3 av besvarelsen og del b 1/3.

## **DEL 2 – RISIKOLEDELSE**

Trondheim/Norge er vertskap for FIS Ski-VM i 2025. Sikkerhets- og risikorelaterte hendelser ved arrangementer kan ha vidtrekkende og ofte katastrofale konsekvenser. Arrangementsledere må derfor ta hensyn til å forebygge risiko og samtidig ha utarbeidet en beredskapsplan.

Organisasjonskomiteen til Trondheim 2025 har ansatt deg som ansvarlig for sikkerhet og beredskap. Ditt ansvar er bl. a. å utvikle en risiko- og en beredskapsplan. Med bakgrunn i usikre økonomiske tider og mulig oppblomstring av smitte, må spesiell oppmerksomhet rettes på risikokategorien (risk issue) økonomi og beredskap for smittevern. Drøft ulike overordnede strategier/tiltak som kan settes inn for å sikre Ski VM og hvilke utfordringer dette medfører for ledelsen.

Besvarelsen skal være på 1500 ord.

## **DEL 3- STYRESETT**

Denne delen er todelt. De siste årene har det vært mange eksempler på dårlig styresett i internasjonal idrett.

- a) Forklar kort hva styresett er, og drøft hvorfor dårlig styresett har vært mer regelen enn unntaket i internasjonale idrettsorganisasjoner.
- b) Du sitter i styret i det fiktive særforbundet Norges Sidelengsforbund, som er tilsluttet NIF. Drøft hvordan dere skal sikre at godt styresett gjennomsyrrer alle ledd i forbundet. Trekk fram noe du ser på som utfordrende for Sidelengsforbundet, et forbund med fem ansatte, uten kretsledd og tett innpå 100 lag rundt om i landet.

Besvarelsen skal være på 1500 ord.

## Nynorsk tekst

### Om eksamen:

- Varigheit tre veker.
- Alle hjelpemiddel er tillatne
- Omfang: 4500 ord
  - Kvar av dei tre oppgåvene skal vera på 1500 ord. Det blir godteke med pluss/minus 10 prosent (Pluss/minus 10 prosent kan godtakast)
  - Referanselista kjem i tillegg. Det skal vera ei felles referanseliste etter alle dei tre oppgåvene. Format APA, 7. utgåve
- Gradert karakter, A-F
- Dei tre oppgåvene blir likt vekta
- Viss éi av dei tre oppgåvene ikkje blir levert, blir eksamen vurdert til ikkje godkjend.
- Eksamen vil bli køyrd gjennom plagiatkontrollprogrammet Urkund.
- Me minner om at alle sider i dei seks modulane i Canvas er å rekna som tilrådde, relevante læringsressursar. Det er ei tilråding å bruka Canvas som supplement og ikkje som hovudvekta av kjelder.

## **DEL 1 – VELFUNGERENDE STYRE OG ADMINISTRASJON**

Du er fersk styreleiar i ein fotballklubb med 1000 medlemmer. Idrettslaget har tre fast tilsette. Administrerande dagleg leiar har jobba i idrettslaget i ni år.

- c) I alle organisasjonsledd er det avgjerande med eit velfungerande styre. Med bakgrunn i kjernelitteratur og tilrådde læringsressursar (først og fremst modulane i Canvas) skal du drøfta følgjande: Korleis kan du som øvste valde leiar i idrettslaget bidra til at alle styremedlemmene føler at dei er del av eit styre som fungerer optimalt?
- d) Som styreleiar opplever du at samarbeidet med dagleg leiar ikkje fungerer heilt bra. Det handlar bl. a om at du synest det er vanskeleg å få gjennomslag for forandringar og du meiner det er eit potensial for å få dei ulike verksemdsområda til klubben til å virke betre saman. Med bakgrunn i kjernelitteratur og dei digitale læringsressursane; kva vil du føreslå at idrettslaget gjer?

Svaret skal vera på 1500 ord. Del a skal utgjera omtrent 2/3 av svaret og del b 1/3.

## **DEL 2 – RISIKOLEIING**

Trondheim/Noreg er vertskap for FIS Ski-VM i 2025. Tryggleiks- og risikorelaterte hendingar ved arrangement kan ha vidtrekkjande og ofte katastrofale konsekvensar. Arrangementsleiarar må derfor ta omsyn til å førebyggja risiko og samtidig ha utarbeidd ein beredskapsplan.

Organisasjonskomiteen til Trondheim 2025 har tilsett deg som ansvarleg for tryggleik og beredskap. Ditt ansvar er bl. a. å utvikla ein risiko- og ein beredskapsplan. Med bakgrunn i usikre økonomiske tider og mogleg oppblomstring av smitte må spesiell merksemd rettast på risikokategorien (risk issue) økonomi og beredskap for smittevern. Drøft ulike overordna strategiar/tiltak som kan setjast inn for å sikra Ski VM og kva utfordringar dette medfører for leiinga.

Svaret skal vera på 1500 ord.

## **DEL 3- STYRESETT**

Denne delen er todelt. Dei siste åra har det vore mange døme på dårleg styresett i internasjonal idrett.

- c) Forklar kort kva styresett er, og drøft kvifor dårleg styresett har vore meir regelen enn unntaket i internasjonale idrettsorganisasjonar.
- d) Du sit i styret i det fiktive særforbundet Noregs Sidelengsforbund, som er knytt til NIF. Drøft korleis de skal sikra at godt styresett gjennomsyrrer alle ledd i forbundet. Trekk fram noko du ser på som utfordrande for Sidelengsforbundet, eit forbund med fem tilsette, utan krinsledd og tett innpå 100 lag rundt om i landet.

Svaret skal vera på 1500 ord.